

Hyttefolk på Kvamskogen oppdagar Samnanger

Hytteeigarane på Kvamskogen har lenge vore ei viktig kundegruppe for Kiwi-butikken på Bjørkheim, men elles er det stort sett Kvam som har hatt glede av hyttefolket. Det kan verta annleis no.

Svein O. Aadland

Sist veke møttest representantar for Kvamskogen Velforening, næringsdrivande i Samnanger og Samnanger kommune. Hytteeigarane ønskjer nærmare kontakt med Samnanger og det samningane har å tilby.

At det på ettersumaren vil koma bomstasjon i Steinsdalen har skapt uro mellom hyttefolket på Skogen. Hytteeigarane synest det er urimeleg at dei skal betala dyre bompengar for å reisa til Norheimsund. Kvifor skal dei finansiera ny veg mellom Norheimsund og Øystese, spør dei seg.

Erik Bjerring Hansen, formann i styret for Kvamskogen Velforening, understreka på møtet at dei ikkje korkje står bak eller støttar ein boikott av Norheimsund. Styret si oppgåve er å informera om dei tilbod som finst, og så må folk få handla kvar dei vil, sa han. Det var i denne samanheng dei ønskte å få vita kva Samnanger har å tilby, og kva planar kommunen og næringsdrivande har framover.

Representantane frå styret i Kvamskogen Velforening slo fast at Samnanger er altfor lite synleg for hyttefolket. Her trengs det informasjon og at dei som har noko å tilby er meir offensive, meinte dei, og såg føre seg at det bør lagast ei liste over næringsdrivande i Samnanger. Denne lista må så verta distribuert til medlemene i Velforeningen, slik at dei veit kva som er å få finna i Samnanger av butikkar, handverkarar og firma og tilbod elles. Tone Tysseland Holme-fjord frå kommunen sa at ho alt var i gang med å laga ei slik liste og at den skal koma.

Pol på Bjørkheim?

Erik Bjerring Hansen peika på at det er eit stort behov for tenester av ulike slag på Kvamskogen, alt frå handverkarar til å byggja og vøla til folk med traktorar som kan tenkja seg brøyteoppdrag. Dei vil gjerne ha andre på bana i tillegg til dei som alt er involverte i brøyting. Bjerring Hansen var også inne på at mange hytteeigarar handlar på Kiwi-butikken på Bjørkheim, men at det hadde vore ein fordel med eit breiare tilbod i butikkar der, for eksempel sportsbutikk og ikkje minst pol. Mange er opptekne av vinmonopol, slo Bjerring Hansen fast, og fekk til



Jochim Lieske Nielsen frå styret i Kvamskogen Velforening har ordet. Til høgre for han sit formann Erik Bjerring Hansen og styremedlem Erling Mikkelsen.

svar frå kommunen at det er noko ein vil sjå nærmare på.

På spørsmål om kva dei synest om Bjørkheimsområdet i dag, vart det sagt frå velforeninga at dei synest området verkar litt halvferdig og at ein bør få knytt det saman med det idylliske området nede ved sjøen og leggja til rette med for eksempel gjestehamn og anna der.

Ytre Tysse for hyttefolket?

Også Ytre Tysse vart det litt snakk om. Ivar Erstad fortalde om kommunen sine planar med ny kai, miljøgate og park. Erik Bjerring Hansen sa at om ein fekk til eit miljø a la det ein har fått til nede i Mo i Modalen, med bruggje, gjerne serveringsstader og plass til båtar og ikkje minst bilar, så vil det trekkja folk ned frå Kvamskogen.

Også kulturtilbod, ikkje minst for barnefamiljar, vil vera interessant for hyttefolket, vart det sagt, men då må dei som er på hyttene få vita om kva som skjer, for eksempel gjennom plakatar ved NAF-en og andre stader på Skogen.

Hytte-båtar til Samnanger?

Erling Mikkelsen frå Kvamskogen-styret fortalde at han var ein av fleire hytteeigarar på Kvamskogen som har båt liggjande i området Norheimsund – Øystese. No vurderer han å flytta båten til Hjeltestad, men om han kan få båt plass i Samnanger vil det vera like aktuelt, noko han også er sikker på at det vil vera for andre hytteeigarar.

Ivar Erstad, teknisk sjef i kommunen, viste til planane om å leggja til rette for båtar på Ytre Tysse og som ein del av aktuelle planar for utbygging på Bjørkheim. Ivar Erstad fortalde også at kommunen har planar om å

laga til eit område nede ved sjøen i Rolvsvågen, og her kan det også vera mogeleg å få til lagringsområde, lagringshall kanskje, til fritidsbåtar, om nokon ønskjer å starta opp med eit slikt tilbod. Dette var tydelegvis ord Erling Mikkelsen likte å høyra. I dag finst det ikkje lagringsplassar for båtar å oppdriva i Bergen, opplyste han.

Det vart også spurt om kommunen sine planar for Eikedalen, for

eksempel med tanke på utbygging av vatn og kloakk. Og burde det ikkje vera meir naturleg med ei vidare utbygging av alpinanlegget i Eikedalen framfor å vurderer nye område høgare oppe inne på Skogen?

Det gav Margunn Lønnebakken sjansen til å seia at kommunen har vore altfor lite på bana når det gjeld Eikedalen. Ivar Erstad var einig. – Eg syns det lite fokus på Eikedalen. Politikarane bør

engasjera seg meir her, sa leiaren på teknisk etat.

Flytta kommunegrensa?

Det heile enda med smil og lått då Erling Mikkelsen lurte på om ingen hadde tenkt på å flytta kommunegrensa mellom Samnanger og Kvam.

– Kvar vil du ha ho, spurde ein smilande Ivar Erstad.
– I Tokagelet, kom det kontant frå Erling Mikkelsen.

Realistisk øving

~~Nokre detaljar må det øvast meir på, men i det store og heile var ulukkesøvinga i Hagaåstunellen sist veke svært vellukka, seier brannsjef Jan Øve Haga.~~

Svein O. Aadland

~~Ulukka gjekk ut på at to bilar hadde kollidert inne i Hagaåstunellen, og at ein av bilane stod i full fyr (noko han då også gjorde under øvinga, med alt det førte med seg av røyk og vanskelege arbeidsforhold).~~

~~Både helsepersonale, politi og brannfolk var med på øvinga. Også brannvesenet i Fusa og på Osterøy var involvert.~~

~~Midt inne i tunellen er det ikkje samband. Difor var øvinga lagt til eine enden av tunellen, slik at øvingsleiinga kunne ha kontakt med røykdykkarane som vart sende inn for å sløkkja brannen. Ein fekk også øvt på å styra ventilasjonen i tunellen for å få røyken vekk~~

~~frå utlukkesenden. Det fungerte veldig bra.~~

~~I den verkelege verda kan det sjølvsagt skje ei ulukke midt inne i tunellen. Det vil i tilfelle vera ein farleg situasjon for røykdykkarane, som må gå inn utan kontakt med dei som er ute og eventuelt kan hjelpa om noko skulle skje.~~



Jostein Kulild Røen var ein av dei «skadde» i øvinga.



Men den som verkeleg var ille ut, var Kristoffer Røen Haga. Han var så godt sminka som hardt skadd at det var ilt å sjå på for ein sart journalist.